

Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15532 - 20/62813

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
06.10.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 1/10 Flatøy

Tiltak: VA-anlegg
Byggjestad: Gbnr: 1/10
Tiltakshavar: Bergen og Omland Friluftsråd
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Heimelshavar av gbnr 1/10 er ikkje varsla om tiltak på eigedommen. Dokumentasjon på dette må liggja føre.
2. Det kjem ikkje fram av utsendt nabovarsel at tiltaket omfattar dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og frå kommunedelplanens arealdel om bygging i LNF-område.
3. I søknaden kjem det fram at tiltaket ikkje skal plasserast i område med fare for flaum jf. TEK17 § 7-2. Administrasjonen minner om at stormflo er omfatta av TEK17 § 7-2 tredje ledd og må takast omsyn til.
4. Området er i DN-handbok 13 definert som viktig (B-verdi). Det kjem i søknaden ikkje fram korleis tiltakshavar tar omsyn til desse verdiane utover at terrenget blir tilbakeført og at tiltaket ikkje vil vera synleg etter anleggsslutt.
5. Innanfor tiltaksområdet er det registrert ein karplante (faxinus excelsior VU). Registreringa er frå 26. juni 2017. Det kjem ikkje fram av søknaden om denne raudlistearten kjem i konflikt med tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **14.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergen og Omland Friluftsråd
Haugen Vva AS

Hellebakken 45
Kanalveien 5

5039 BERGEN
5068 BERGEN